

Koret med stor festkveld

30.10.2014



Klavversolist Frode imponerte

**Røysterett for alle kan meir enn berre å opptre i andres regi - koret kan også å arrangera sjølve. Dei gjorde det i hovudkvarteret sitt - Helgheim - ikveld, og det vart ein skikkeleg festkveld med eit allsidig program utifrå oppmodinga SYNG MED OSS! Dirigent Maria Malmsten viste etter sitt allsidige talent som også omfattar stev og sulling og Svein Rimestad understreka sitt solist-talent.**



Songsolist Rimestad og dirigent Maria Malmsten i fokus

Men aller mest imponert var vi over klaversolist Frode Kaldestad, som var solist i 2 svært vakre eigenkomponerte verk - Våken drøm og Vuggevise. I siste avdeling kom det også noko nytt - han spela Halleluja av Cohen med koret.



Det var godt frammøte i Helgheim

Koret presenterte både gammalt og nytt stoff og til det gamle høyrdde Kvannsanketid av Rimestad, Kringsatt av fiender av Grieg og Røysterett for alle av Rimestad - det siste både signatursong og bestillingsverk. Om koret er det berre å slå fast at det held formen og også har ein viss rekruttering samstundes som dei fleste av dei noko eldre held stand i imponerande grad. Det må vera gjevt og moro å syngja i dette koret!

Sjølvsagt var det også allsong - leia av Rimestad - og det var ein bolk med trekkspel. Denne kvelden var klubben noko redusert, men spela godt likevel og særleg då Kinka Basara!

Til kaffen vart det servert kaker som medlemmene hadde baka. Så kom den gode, gamle basaren med årer og festen heldt fram i god stemning.

Det var berre eit innslag som mangla - det var dansen!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Trekkspeleklubben besto denne kvelden av Haldor Tveit, Ola Morten Johnsrud, Ole Nordtveit, Johann E. Rørvik og Lorentz Kannelønning.